

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 03.02.2020

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

<b>PROTOKOLL TIL MØTE NR. 04 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021</b>
--

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell

**Tidspunkt:** Måndag 3. februar 2020, kl. 18.00-21.00

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 47 19-21** Godkjenning av innkalling og sakliste

**SAK 48 19-21** Godkjenning av protokoll nr. 03 19-21 frå Skikrinsstyret

**RAPPORTERING**

**SAK 49 19-21** Rekneskap 2019

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 50 19-21** Revidert budsjett 2020

**SAK 51 19-21** Rekrutteringsarbeid i skikrinsen

**SAK 52 19-21** SFSK Handlingsplan 2019-2021

**SAK 53 19-21** Vårmøte SFSK 2020

**SAK 54 19-21** Endring hopp- og kombinertkomiteen

**SAK 55 19-21** Skitinget 2020

**SAK 56 19-21** Arbeidet til valkomiteen NSF

**SAK 57 19-21** Representasjon Idrettskretstinget 2020

**SAK 58 19-21** Utedagen

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 59 19-21** Organisasjonsprosess i fellesadministrasjon i NSF

**SAK 60 19-21** Fylkeskommunalt driftstilskot til skianlegg

**EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Per Asbjørn Felde, Jan Inge Årdal og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Tonje Norheim Tangerud, Tor Arne Hov

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

## REFERATSAKER

### SAK 47 19-21

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

##### Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

##### VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 48 19-21

#### Godkjenning av protokoll nr. 03 19-21 frå Skikrinsstyret

##### Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 03 19-21 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

##### VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 03 19-21.

## RAPPORTERING

### SAK 49 19-21

#### Rekneskap 2019

##### Bakgrunn

Rekneskapen for 2019 er vedlagt.

Nøkkeltal 2019:

##### Avsetning 2019 til 2020

1) Arbeidsutvalet (AU) / Drift	kr.	90 571,-
2) Arbeidsutvalet (AU) / Lagsbesøk	kr.	30 000,-
3) Arbeidsutvalet (AU) / Reg. kursl.saml.	kr.	22 001,-
4) Arbeidsutvalet (AU) / Utedagen	kr.	66 088,-
5) Arbeidsutvalet (AU) / Rekrutteringsprosjekt	kr.	10 574,-
6) Arbeidsutvalet (AU) / Utdanning	kr.	23 225,-

**Driftsinntekter samla** kr. 3 814 352,-

**Driftskostnader samla** kr. 3 589 120,-

**Resultat samla for skikrinsen:** kr. 225 232,-

Resultat Arbeidsutvalet kr. 99 393,-

Resultat Alpinkomiteen kr. 103 695,-

Resultat Hopp- og kombinertkomiteen kr. - 8 321,-

Resultat Langrennskomiteen kr. 30 465,-

**Total EK pr. 31.12.2019:** kr. 1 573 173,-

- AU EK pr. 31.12.2019: kr. 671 144,-

- Alpinkomiteen EK pr. 31.12.2019: kr. 327 806,-

- Hopp- og komb. komiteen EK pr. 31.12.2019: kr. 141 638,-

- Langrennskomiteen EK pr. 31.12.2019: kr. 432 585,-

1) AU: Kr. 90 571,- i ekstratilskot frå Idrettskrinsen setjast av til drift adm. i 2020.

- 2) AU: Kr. 30 000,- i tilskot frå Idrettskrinsen til prosjektet «Aktivitet med utstyrspakke skileik» setjast av til drift av prosjektet i 2020.
- 3) AU: Kr. 22 001,- i tilskot frå NSF Utviklingsavdelinga til skikretsar for gjennomføring av felles Regionale kurshaldarsamlingar. Tilskotet skal delast på Sogn og Fjordane/Hordaland/Møre og Romsdal.
- 4) AU: Kr. 66 088,- i tilskot til prosjektet Utedagen (restmidlar frå Utedagen 2019) setjast av til drift av prosjektet vinteren 2020.
- 5) AU: Kr. 10 574,- i tilskot post 3-midlar setjast av til same prosjekt i 2020 (Rekrutteringsprosjekt).
- 6) AU: Kr. 23 225,- i tilskot post 3-midlar setjast av til same prosjekt i 2020 (Utdanning).

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret føreslår at rekneskapen for 2019 vert godkjent, og med avsetningar til 2020.

#### **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

##### **SAK 50 19-21**

##### **Revidert budsjett 2020**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret gjorde vedtak i sak 35 19-21 om at budsjettet for 2020 skulle reviderast 1. kvartal 2020.

Framlegg til reviderte rammer for budsjett for 2020 er lagt ved som eige vedlegg.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret vedtek reviderte rammer for budsjettet 2020.

##### **SAK 51 19-21**

##### **Rekrutteringsarbeid i skikrinsen**

##### **Bakgrunn**

Nord-Trøndelag Skikrets har sett fokus på å auke rekrutteringa til skigreinene i eigen kretsen gjennom innspel frå ei oppnemnt arbeidsgruppe; [Viktig innspill til en god debatt på høstmøte](#)

Arbeidsgruppa har lagt fram sine tiltak knytt til auka rekruttering i samarbeid med klubbane; [Arbeidsgruppens presentasjon på høstmøte 26. oktober](#)

Styret drøfta saka i møtet.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp diskusjonar i møtet i neste styremøte.

Adm. følgjer opp ressurspersonar i skiforbundet på basisanlegg for å utvikle eit kompetansetiltak ut mot klubb/skianlegg for utforming av basisanlegg. Tiltaket vert lagt fram på neste styremøte.

Skikrinsstyret oppmodar greinkomiteane om å diskutere aktuelle rekrutteringstiltak i sine komitémøte i framkant av Vår møtet.

**SAK 52 19-21**

**SFSK Handlingsplan 2019-2021**

**Bakgrunn**

SFSK sin handlingsplan er lagt ved som eige vedlegg.

I samband med møtet skal Skikrinsstyret drøfte skikrinsen sine tiltak, oppdaterte handlingsplan med omsyn til status, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

**SAK 53 19-21**

**Vår møte SFSK 2020**

**Bakgrunn**

Skikrinsstyret gjer vedtak om tid og stad for Vår møtet 2020, og drøftar rammeprogram og innhald for fellesdelen.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Vår møtet 2020 skal avviklast måndag 4. mai ca. kl. 17.30-21.00 ved Thon Jølster Hotell, Skei.

Vidare gjer ein vedtak om at ein på fellesdelen legg opp til tema basisanlegg, grunnarbeid i skianlegg, informasjon om spelemiddelsøknader. Adm. følgjer opp saka.

**SAK 54 19-21**

**Endring hopp- og kombinertkomiteen**

**Bakgrunn**

Henning Sæthre (leiar HKK) har sagt frå seg vervet som leiar for hopp- og kombinertkomiteen grunna jobbsituasjon, der det er utfordrande å følgje opp leiarvervet. Nestleiar Jan Inge Årdal fungerer som leiar inntil vidare.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering. Ein gjer vidare vedtak om at det vert kalla inn til ekstraordinært skikrinsting i samband med Vår møtet 2020, der ein føretek val av ny leiar i HKK. Styreleiar varslar leiar i valkomiteen om saka.

**SAK 55 19-21**

**Skitinget 2020**

Norges Skiforbundet avviklar Skitinget 2020 i Ålesund 6.-7. juni 2020. Skistyre sender innkalling minst 4 månader før tinget.

I samband med tinget har SFSK 4 representantar. Skikrinsstyret oppnemner delegatane i styremøtet.

Grenkomiteane sine fagmøte og andre møter vert gjennomført i samband med Skitinget, og er planlagt i perioden torsdag 4. juni – fredag 5. juni.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande representasjon i samband med Skitinget 2020:

- Styreleiar, Finn Årdal (Jølster IL)
- Styremedlem; Tonje N. Tangerud (Sogndal IL)
- Styremedlem; Margot Åsebø (Haugen IL)
- Styremedlem og AK; Per Asbjørn Felde (Breimsbygda IL)

Administrasjonen følgjer opp saka.

### **SAK 56 19-21**

#### **Arbeidet til valkomiteen NSF**

##### **Bakgrunn**

Skitinget 2020 nærmar seg, og valkomiteen i NSF har begynt sitt arbeid. Valkomiteen ynskjer seg eit best mogleg utval av kandidatar til dei ulike verva. Valkomiteen har så langt utarbeida ei komplett oversikt over kva tillitsvalte som har sagt seg villig til å ta attval, men uavhengig av dei tilbagemeldingane oppmodar ein skikretsane til å fremje forslag til alle dei tillitsverv som skal veljast.

Forslagsfrist er 1. mars 2020.

Det skal fremjast forslag på kandidatar til følgjande verv/komitear:

- Skistyret; president, visepresident, 5 styremedlemar og varamedlem
- Leiar og nestleiar, samt 2-4 medlemar i kvar greinkomite
- Kontrollkomiteen; leiar, nestleiar, medlem og 2 varamedlemar
- Lov- og påtaleutvalet; leiar, nestleiar, medlem og 2 varamedlemar
- Etisk komite; leiar, nestleiar og 3 medlemar

Brev frå valkomiteen er lagt ved som eige vedlegg.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret drøfta kandidatar i møtet, og gjer vedtak om at styreleiar og nestleiar får fullmakt til å arbeide vidare med saka.

### **SAK 57 19-21**

#### **Representasjon Idrettskretstinget 2020**

##### **Bakgrunn**

Idrettskretstinget vert avvikla 25. april 2020 i Førde. I samband med tinget har dei to skikretsane i Vestland idrettskrets 3 representantar.

Styreleiar har drøfta fordeling av delegatar med Hordaland Skikrets.

Innkalling til Idrettskretstinget finn ein på Idrettskretsen sine nettsider; <https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/vestland/om-idrettskretsen/idrettskretsting/>

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande aktuelle kandidatar frå SFSK i samband med Idrettskretstinget;

1. Styreleiar; Finn Årdal (Jølster IL)
2. Styremedlem; Tonje N. Tangerud (Sogndal IL)

## SAK 58 19-21

### Utedagen

#### Bakgrunn

Skikrinsen sitt prosjekt Utedagen er vidareført vinteren 2020.

Det vart søkt Sogn og Fjordane fylkeskommune om prosjektmidlar i 2019, og skikrinsen har fått avslag på søknaden.

Det vart vidare vist til frå fylkeskommunen at ein kunne søke nye Vestland fylkeskommune om midlar gjennom ordninga «Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom». Tilskotsordninga er spissa mot regionale organisasjonar med aktivitetar i fleire kommunar.

Ordninga er no lyst ut med søknadsfrist 15. februar 2020;

[Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom](#)

Skikrinsstyret drøfta saka i møtet.

#### VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at ein søker på ordninga for vidareføring av Utedagen i 2021. Adm. følgjer opp saka.

## ORIENTERINGSSAKER

### SAK 59 19-21

#### Organisasjonsprosess i fellesadministrasjon i NSF

##### Bakgrunn

Sidan januar 2019 har det pågått ein organisasjonsprosess i fellesadministrasjonen i NSF. Frå 01.01.2020 vart ny organisasjon satt i drift med alle nye roller.

Det vart orientert i møtet om prosessen.

#### VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### SAK 60 19-21

#### Fylkeskommunalt driftstilskot til skianlegg

##### Bakgrunn

Ordninga med fylkeskommunalt driftstilskot til skianlegg vart orientert om i styremøte 08.01.2020, sak 46 19-21, der det vart vist til at driftstilskotet ikkje blir vidareført i budsjett for 2020. Jf. vedtak i Vestland fylkesting 17.-18. desember 2019.

Skikrinsen har hatt dialog med Vestland idrettskrets om saka, der ein m.a. har hatt eit møte for å diskutere vidare oppfølging inn mot fylkeskommunen.

Saka vart orienterte om i møtet.

#### VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

## EVENTUELT

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins



Finn Årdal (s)  
Styreleiar

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef

**Vedlegg SAK 48 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 03 19-21 frå Skikrinsstyret**

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 08.01.2020

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

**PROTOKOLL TIL MØTE NR. 03 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021**

**Stad:** Telefonmøte

**Tidspunkt:** Onsdag 8. januar 2020, kl. 20.00-21.00

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 43 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**SAK 44 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 02 19-21 frå Skikrinsstyret**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 45 19-21 Høyringsnotat frå Organisasjonsutvalet til NSF**

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 46 19-21 Fylkeskommunalt driftstilskot til skianlegg**

**EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov, Jan Inge Årdal og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:**

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 43 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.



#### **SAK 44 19-21**

#### **Godkjenning av protokoll nr. 02 19-21 frå Skikrinsstyret**

##### **Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 02 19-21 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 02 19-21.

#### **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

#### **SAK 45 19-21**

#### **Høyringsnotat frå Organisasjonsutvalet til NSF**

##### **Bakgrunn**

Organisasjonsutvalet til Norges Skiforbund, som ser på skiforbundet sin politiske styringsmodell, har komme med eit høyringsnotat.

Utvalet ber om høyringssvar frå skikretsar og greinkomitear.

Høyringsnotatet med vedlegg finn ein også på denne sida;

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/organisasjonsutvalget/>

Frist for høyringssvar til utvalet er 13. januar 2020.

Saka vart diskutert i styremøte 02.12.2019, der styret gjorde vedtak om at styreleiar og adm. lagar eit framlegg til høyringssvar som vert sendt styret for innspel og godkjenning.

Framlegg til høyringssvar er lagt ved.

Styret drøfta saka og høyringssvaret i møtet.

##### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at styreleiar og adm. lagar til eit nytt framlegg til høyringssvar på bakgrunn av drøftingar i møtet.

Nytt framlegg vert sendt til styret for godkjenning før endeleg høyringssvar vert sendt inn.

#### **ORIENTERINGSSAKER**

#### **SAK 46 19-21**

#### **Fylkeskommunalt driftstilskot til skianlegg**

##### **Bakgrunn**

Ordninga med fylkeskommunalt driftstilskot til skianlegg vart orientert om i styremøte 02.12.2019, sak 41 19-21.

Adm. er blitt gjort kjent med informasjon frå Vestland fylkeskommune og at driftstilskotet ikkje blir vidareført i budsjett for 2020. Jf. vedtak i fylkestinget 17.-18. desember 2019 og s. 38 i [budsjettdokumentet](#) til fylkeskommunen:

*«Midlar til utviklingsarbeid og drift av idrettsanlegg med avtale ut 2019 på samla 345 000 vert ikkje vidareført. Idrettsarbeid er styrka ved overføring av tilskotsmidlar frå idrettsprosjekt.»*

Fylkeskommunen viser elles til at kvar av dei tidlegare fylkeskommunane har informert dei aktørane som fekk driftsstøtte frå budsjetta i hhv. Sogn og

Fjordane og Hordaland, om ny ordning gjeldande frå Vestland fylkeskommune frå 2020. Ordninga vart lyst ut og gjort godt kjend i 2019.

På grunnlag av budsjettsøknadene har administrasjonen i Vestland fylkeskommune hatt budsjettmøte med dei store organisasjonane på kultur- og idrettsfeltet før framlegginga av budsjettet.

Adm. har førespurt Idrettskrinsen om dei har delteke i budsjettmøte til fylkeskommunen. Verken Sogn og Fjordane idrettskrins eller Vestland idrettskrets har deltek i møte der denne ordninga har vore drøfta i budsjett-samanheng.

Adm. og Hallvard N. orienterte om saka i møtet.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at styreleiar går i dialog med Vestland idrettskrets.

Aktuelle anlegg som har fått fylkeskommunalt driftstilskot vert gjort merksam om vedtaket til fylkeskommunen om at driftstilskotet ikkje blir vidareført i budsjett for 2020. Adm. følgjer dette opp.

#### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)  
Styreleiar

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef